

FORELDREINFO JUNI 2021



Mangfald og inkludering

Juni er pride-månad, og også på Vikeså er me opptatt av å verdsetta mangfald og framheva det positive med å vera forskjellige. Elevane i design og redesign valgte å laga eige mønster på inkluderingsflagg i skulegarden – flott design med eit godt budskap!



Satsingsområder neste skuleår

I skuleåret 21/22 skal me vaksne på skulen ha fokus på lesing og uteskule. Me vil bruka hausten på kompetanseheving på lesing som ferdigheit, medan våren 2022 vil få friluftsliv og uteskule i sentrum. Me gler oss!

Tilsette til neste skuleår

Me har ikkje fått landa heila kabalen til neste skuleår, men har fått på plass fleire nye tilsette. Me ønsker velkommen til Siri G. Bue, Kristine Louise D. Tengesdal, Camilla M. Deegan og May Kristin Madland. Elles så er det fleire tilsette me må takka av før sommaren. Borghild Gjedrem, Signe Kristin Vaa Sollid, Kåre Høghaug, Arna Audenby, Lise Vikesdal og Gunvor Aardal takkar for seg etter ulik fartstid på skulen. Me ønsker dei lukke til vidare!

Innsamlingsaksjon



Vikeså skule hadde innsamlingsaksjon 7.-11.juni. Me samla inn midler til HeiVerden sitt utdanningsprosjekt i Bangladesh. Me har selv produsert, hatt basar, sprunge sponsorløp, gått med bøsser, panta, gitt ein arbeidsdag mm. Elevane har vore utruleg engasjerte og samla inn ca 170 000 kr til båtskular og undervisningsmateriell på morsmål til minoritetsbefolkninga i flaumutsette områder. Fantastisk innsats av alle saman!

Første skuledag 21/22:

12.08.21 kl 08.05

Ferie-SFO 21/22 opnar:

01.08.21 kl 07.00

Skuleåret 20/21 er over, siste skuledag før ferien er 17.06. Ferie-SFO har åpent ut juni.

På tross av korona-restriksjonar har me fått gjennomført det meste av det vi har planlagt. Me har hatt skulen i drift alle 190 skuledagane, og vore heldige både på raudt og gult nivå. Når me no på slutten av året fekk gå over på grønt nivå, så har det vore ei glede og kunne sleppe elevane meir fritt på uteområdet. Me har sett kor godt dei har hatt av å kunne bevega seg fritt, og vera i lag på tvers av klassane. Eg må få berømma elevane for tålmodet dei har vist i møte med smittevern, og dei vaksne på skulen som har laga trygge og gode rammer i ei annleis tid. I tillegg vil eg takka dykk føresette som har støtta opp om reglar og restriksjonar.

39 10.klassingar har hatt sin siste skuledag på Vikeså, dette vart markert med ein verdig avslutningsfest i hallen. Me ønsker dei lukke til på VGS til neste år – dei vil bli sakna!

No gler me oss til ferie og skulefri, og ser fram til å treffa nye og gamle elevar att i august! God sommerferie!

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

